



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Aurora Skimmeland, 51568708

## Uttale- dispensasjon - Karmøy 38/15 - Røyrvikvegen Skudeneshavn - tilbygg til redskapshus

Me syner til kommunen si oversending av 27.01.23.

Saka gjeld tilbygg til reiskapshus på 42 m<sup>2</sup>. Tiltaket som det er søkt om ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan. Det er søkt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, då tiltaket skal plasserast med en avstand til sjø på ca. 60 meter.

Statsforvaltaren skal sikre nasjonale og regionale interesser i plan- og bygnings saker og kan blant anna uttale seg og komme med faglege råd, i samband med handsaming av dispensasjonssøknader.

Det er ikkje nok at omsynet bak føresegna det blir dispensert frå, eller omsynet bak lova sitt føremål eller nasjonale eller regionale interesser ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon, etter ei samla vurdering, være klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2, 2.ledd.

### Vår vurdering

Av dei nasjonale ansvarsområda Statsforvaltaren er sett til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har me ikkje merknader til saka. Tilbygget vert plassert vekk frå sjøen i bakkant av allereie godkjent reiskapshus og er naudsynt for landbruksdrifta på eigedomen. Me kan ikkje sjå at tiltaket påverke allmenta si tilgang på strandsona i denne saka.

Me gjer merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med helsing

Anne Stensland (e.f.)  
rådgiver

Aurora Skimmeland  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger